
Fra: Randi Kvinge <randi.kvinge@gmail.com>
Sendt: 10. juni 2015 17:03
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Knut Bjørnevoll
Emne: Fwd: Endring av vindauga/dører på fasade - Gnr/bnr 137/692 - søknadspliktig eller ikkje?
Vedlegg: Bilde av fasade_med teikning av endring.pdf; ATT00001..htm; Fasadeteikning med skisse til endring.pdf; ATT00002..htm; Romløysing_markerte med endring.pdf; ATT00003..htm

Hei!

Syner til hyggeleg samtale i byggesaksvakta 09.06.15. Sender med dette ein e-post for å få ei stadfesting om tiltak er søknadspliktig eller ikkje.

Vi ønskjer å gjere mindre endringar på vindauga frå kjøkken og vindauga/dør frå stove. Dette er illustert på vedlagt bilde (Bilde av fasade_med teikning av endring)

1) Vindauga frå kjøkken: Vi ønskjer enten å forlenge begge vindauga ned til golvnivå eller at vi set inn vindauga og ei dør til ein framtidig terrasse utanfor kjøkkenet.

2) Vindauga/dør frå stove: Som vist på bilete ønskjer vi å forlenge vindauga ned til golvnivå som står til venstre for døra. Vi ønskjer også at døra skal vere av glas heilt ned til golvnivå.

Fint om vi kan få ei rask tilbakemelding om desse endringane er søknadspliktig eller ikkje.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

mvh
Randi Kvinge og Hogne Haugsdal
Tlf: 97475026